

Sjøfartsdirektoratet
Postboks 2222 Raglamyr
5509 Haugesund

Oslo, 15.12.2025
Vår ref. 25/2288-12
614.30/ANSK
Dykkar ref. 2025/82516

Att:

Høyring - Klimagassreduksjon for farty i akvakulturnæring

Landsorganisasjonen i Norge (LO) viser til overnemnde høyring frå Sjøfartsdirektoratet på vegne av Klima- og miljødepartementet.

LO er i utgangspunktet positiv til tiltak som kan fremje ei grøn og rettferdig omstilling i alle sektorar. Hovudutfordringa med forslaget, er at det føreset og leggast til grunn ein formidabel overgang til batteridrift for farty under 24 meter, - *samstundes* som tilgong til straum, nettkapasitet og ladeinfrastruktur allereie er eit stort hinder for næringslivet langs mesteparten av den norske kysten.

LO og NHO tok i januar 2023 initiativ til eit trepartssamarbeid for å sikre nok kraft til klimaomstilling og grøne satsingar i næringslivet, samt levelege og konkurransedyktige straumprisar. I januar 2024 vart Kraftløftet lagt fram, der òg regjeringa slutta seg til. Kraftløftet inneheld ein tiltaksplan for auka kraft- og nettilgong i Norge mot 2030. Arbeidet med Kraftløftet viste at Norge er på rask veg mot eit kraftunderskott, og at fleire fylke (derimellom Finnmark, Møre og Romsdal, Rogaland og Oslo) vil ha eit kraftunderskott i 2030 som vil hindre næringslivsutvikling.

Problemstillingar kring tilgong på ladeinfrastruktur, nettkapasitet og straum har blitt påpeika av Biomarint forum fleire gonger i møter i Klimapartnerskapet mellom regjeringa, og arbeidslivets partar i Maritimt forum og Biomarint forum. Klima- og miljødepartementet som part i Klimapartnerskapet, har ikkje drøfta desse forslaga til tiltak i partnerskapet. LO vil understreke at eit hovudmål med Klimapartnerskapet nettopp er å drøfte saker som denne.

Sjøfartsdirektoratet viser i høyringsnotatet til at Sjøfartsdirektoratet sjølv i si utgreiing om status for slik infrastruktur (2023) problematiserte tilgongen til kraft, og la der til grunn at ein føresetnad for at dei føreslåtte krava skal kunne tre i kraft, er at nødvendig infrastruktur *lar seg utbygge*.

Det vert i forskriftsframlegget føreslått at der det ikkje er tilstrekkeleg kraft tilgjengeleg, kan selskapa/fartya søke om dispensasjon frå kravet, og at slik søknad må dokumenterast og sendast årleg. - Dette er ein tungvint måte for både næringa og myndigheitene å gjennomføre forskrifta på. Når det er så tydeleg at det vil vere eit svært stort behov for dispensasjonar, då bør det vere klart at innføringa og den føreslåtte tidslinja kjem for tidleg.

LO er som nemnd over, positiv til innføring av utsleppskrav for farty i havbrukssektoren. - LO meiner likevel at kraftsituasjonen må løysast langt betre før forskrifta vedtas. Det er òg lite hensiktsmessig å kreve store

Landsorganisasjonen i Norge

Torggata 12, N-0181 Oslo E-post: lo@lo.no www.lo.no Telefon: +47 23 06 10 00
Organisasjonsnummer: 971 074 337 Kontonr.: 9001 07 00182
Elektronisk faktura (EHF): 9908:971074337



investeringar for omlegging til batteridrift for eksisterande farty, dersom det uansett ikkje vil vere mulig å bruke dei.

Ein annan føresetnad er at sikkerheita vert ivaretatt. Erfaring frå fleire fartyssegment syner at nye energiberarar medfører store HMS-utfordringar. Mellom anna ytrar fleire av LOs forbund sterk uro over branntryggleiken for batteridrivne farty, og at det per i dag ikkje er slukkemiddel ved batteribrann, - noko som kan få alvorlege konsekvensar for mannskapet ombord.

Eit forsvarleg arbeidsmiljø må vere eit absolutt minstekrav før nye energiberarar tas i bruk. Sikkerhetsregelverk og opplæring må utviklast i *forkant* av innføring av nye teknologiar, - ikkje i etterkant. Det må stillast klare og bindande krav til kompetanse hos tilsette som skal handtere nye teknologiar innan drift, vedlikehald og beredskap. Krav om utsleppsfri drift må knyttast til faktisk tilgjengeleg infrastruktur, slik at tilsette ikkje settast i situasjonar der sikkerheit må vike for regulatoriske mål.

Med venleg helsing
LO Norge

Odd Haldgeir Larsen
(*sign.*)

Kenneth Sandmo
(*sign.*)

Saksbehandlar: Anne-Beth Skrede

Dette brevet er godkjent elektronisk i Landsorganisasjonen i Norge og har derfor ingen signatur.